

Sluttrapport fra utval som har vurdert framtidens Landskappleik og Landsfestival.

Forslag til framtidig NM i folkemusikk

1. UTVAL OG MANDAT

1.1 UTVAL

Styret i dåverande LfS gjorde 23.01.08 vedtak om å setje ned ei utval som skulle vurdere ei framtidig organisering av Landskappleiken og Landsfestivalen.

Øyvind Kvile, Synnøve S. Bjørset, Erlend Viken, Halgrim Øistad og Torbjørg Austrud vart spurde om å sitje i dette utvalet.

Øistad takka nei til å sitje i utvalet grunna habilitetsspørsmål knytt til yrket som journalist, og Austrud trakk seg frå utvalet då ho ikkje hadde høve til å prioritere deltaking på dei første møta.

Det vart ikkje gjort førespurnader til fleire for å erstatte dei som trakk seg.

1.2 MANDAT

Utvalet fekk slikt mandat:

Som utgangspunkt må utvalet gjere ei vurdering av kva det er som kjenneteiknar Landskappleiken og Landsfestivalen i dag – som to sjølvstendige arrangement. Ein må vurdere både styrkjer og ulemper.

Med dette grunnlaget skal utvala så vurdere både fordelar og ulemper ved å slå saman LK og LF til eitt arrangement – ut frå desse perspektiva:

Kor stor blir ekstrabelastinga på lokal arrangør?

Arrangementstekniske utfordringar i forhold til (tal) scener, øvingsrom, lys, lyd, Meirkostnad i ressursbehov; arrangørstab og talet frivillige

Nødvendig utviding i tid og volum – eller tilpassing innafor eksisterande råmer ?

Behov for større overnattingskapasitet

Vil det vere nødvendig å gjere innhaldsmessige endringar og tilpassingar, og evt. kva?

Økonomske konsekvensar og evt. mogleg vinst

Vil ei samanslåing kunne gi ein vinst for musikken og dansen, og i så fall kva ?

Vil ei samanslåing kunne gi ein profileringsvinst ?

Ein ber utvalet gi ei konkret tilråding innan 1. juni d.å.

1.3 ARBEIDET I UTVALET

Grunna forseinking i avklaring av samansetjing av utvalet kom ikkje arbeidet i gang før i mai 2008. Utvalet har hatt fem møte:

19. mai 2008, 2. oktober 2008, 3. desember 2008, 19. januar 2009, 18. november 2009.

På vårparten i 2008 avgjorde styret i dåverande LfS at Landskappleiken 2009 og Landsfestivalen 2009 skulle arrangerast som eit fellesarrangement med NM i folkemusikk på Ål og Geilo i 2009. Det var spel- og dansarlag på Ål og Geilo som søkte om å få arrangere dette fellesarrangementet.

Utvalet kunne i prinsippet ha avslutta arbeidet og lagt fram tilrådinga si tidleg på året 2009, etter det 4. møtet sitt. Men utvalet meinte likevel det ville vere rett å følgje gjennomføringa og bruke erfaringane frå NM i folkemusikk 2009 som eit grunnlag for dei konklusjonane utvalet til slutt skulle trekkje.

Alle i utvalet var til stades og hadde fleire og ulike roller under NM i folkemusikk 2009. Utvalet kunne på denne måten gjere eigne evalueringar av NM ut frå ulike ståstader og synsvinklar.

På det siste og avsluttande møtet 19. november 2009 vart utvalet sine eigne evalueringar frå NM folkemusikk 2009 lagt til dei vurderingane ein hadde gjort tidlegare, og på dette grunnlaget konkluderte så utvalet.

Ein vil presisere at utvalet ikkje hadde nokon påverknad på det tevlingsreglementet som blei utarbeidd til NM. Utvalet såg i utgangspunktet føre seg eit fellesarrangement med andre grunnprinsipp enn det som vart realisert under NM i folkemusikk 2009.

2. LANDSKAPPLEIKEN OG LANDSFESTIVALEN

INNHALDSMESSIGE KJENNETEIKN

Utvalet har gjort følgjande skildringar av Landskappleiken (LK) og Landsfestivalen (LF) slik dei eksisterer i dag:

Hovudskiljet mellom arrangementa går på definisjon av tevlingsrepertoar. Ein stor del av deltakarane, men også noko publikum, er på begge arrangementa.

Tal tevlingsdeltakarar på LK ligg på 1 000-1 400, medan tal tevlingsdeltakarar på LF ligg på om lag 800.

LK har eit svært tett program med mange klassar og tevlingar som går parallelt. Deltakarane på LK utgjer ein stor del av publikummet, og må reknast som den største publikumsdelen dei første dagane av arrangementet der tevlingane blir arrangert på dagtid. LF har preg av å vere eit meir ope og tilgjengeleg arrangement enn LK, og arrangementet trekkjer i tillegg til deltakarane eit litt anna og meir eksternt publikum. LF sitt tal klassar og deltakarar gjer at det ikkje er trong for tevlingar som går parallelt.

ØKONOMI

Potensielle arrangørar er naturleg nok opptekne av arrangementa sine økonomiske resultat. Dei siste åra har mange fokusert på tilfella av dårlege økonomiske resultat.

Eit oversyn over alle arrangementa sidan 1986 (då LF vart etablert) viser likevel at det berre er eit fåtal av arrangementa som har gått med underskot. Eit oversyn over økonomiske resultat sidan 1986 ligg som vedlegg til denne rapporten.

Det er eit stort spenn mellom det beste og det dårlegaste resultatet, frå rundt kr. 750 000 i overskot til knapt kr. 500 000 i underskot. Gjennomsnittresultatet sidan 1986 ligg på rundt kr. 250 000 i overskot pr. arrangement.

Fellesarrangementet "NM i folkemusikk 2009" har det beste økonomiske resultatet av alle, med kr. 900 000 i overskot.

STYRKJER OG SVAKHEITER VED DAGENS ARRANGEMENT

Eit skjematisk oversyn over styrkjer og svakheiter ved dei to arrangementa er å finne i som vedlegg til denne rapporten. I vedlegget er det også sett opp ei tilsvarande vurdering av NM i folkemusikk 2009 og utvalet sitt framlegg til eit NM i folkemusikk i framtida.

Landskappleiken (LK):

Utvalet meiner LK, slik den eksisterer i dag, er eit velfungerande arrangement. Dei ulike sidene ved arrangementet har både styrkjer og svakheiter, og under punkta nedanfor blir det gjort greie for desse.

Innhald

LK har ein klar musikkprofil, og representerer eit stor mangfald og av både tradisjonar, repertoar, stil og disiplinær. LK er på denne måten ein viktig arena for det tradisjonelle uttrykket, det eldre tradisjonelle repertoaret og den eldre tradisjonelle stilen.

LK har mange og store klassar der det er svært store skilnader i nivået på deltakarane, noko som i utgangspunktet kan sjåast både som ei føremon og ei ulempe. Det høge talet deltakarar og disiplinær fører til eit tett og stramt program med mange parallelle tevlingar.

Målgruppe

LK er open for alle som ønskjer å delta, og er såleis ein viktig rekrutteringsarena. LK er i stor grad eit internt arrangement, då den hovudsakleg fungerer som ein møtestad for utøvarar og publikum som høyrer til "folkemusikkmiljøet". LK har likevel klart å mobilisere noko lokalt publikum til t.d. konsertar, a-klassar og finale-tevlingar. Lokale arrangørar og dåverande LfS har funne det vanskeleg å vekke sentrale media si interesse for arrangementet.

Arrangementsteknisk og logistikk

LK krev 3 tevlingsarenaer, minimum. Det har vist seg utfordrande å finne gode arenaer som er tilrettelagde for dans og akustisk musikk, og som samstundes har stor nok publikumskapasitet. På dei større arenaene er det behov for lydforsterking, men arrangementet er likevel å rekne som ukomplisert i høve til dette. LK krev stor kapasitet på hotellsenger, då erfaringa viser at deltakarar og publikum på LK i stor grad ønskjer slik standard på overnatting.

Tidspunkt

LK blir avvikla i slutten av juni. For nokre er dette tidspunktet problematisk då fellesferien ikkje har teke til enno. Samstundes har det vist seg lettare å skaffe dommarar til LK enn til LF, grunna tidspunktet.

Landsfestivalen (LF):

Utvalet meiner LF, slik den eksisterer i dag, er eit velfungerande arrangement. Dei ulike sidene ved arrangementet har både styrkjer og svakheiter, og under punkta nedanfor blir det gjort greie for desse.

Innhald

LF har ein klar musikkprofil, men er samstundes ikkje ein arena med like stort mangfald i tradisjonar, repertoar og stil som LK, sjølv om dette truleg var intensjonen ved oppretting av arrangementet. Det er t.d. ikkje tevlingar i dans og vokal, og ein kan i noko grad snakke om ei einsretting av repertoar og tradisjon der nokre runddanstradisjonar (repertoar og stil) har etablert seg som retningsgjevande. Slik sett er LF ein arena som berre representerer fragment av eit i utgangspunktet stort mangfald.

LF har i samsvar med tal deltakarar og disiplinær eit program utan parallelle tevlingar, og er såleis eit meir publikumsvenleg arrangement.

Målgruppe

LF er open for alle som ønskjer å delta, og såleis ein viktig rekrutteringsarena. LF er i all hovudsak eit internt arrangement på den måten den fungerer som ein møtestad for deltakarar og publikum innan runddansmiljøet. Samstundes har LF eit mindre preg av å vere eit "lukka" arrangement då den trekkjer ein god del publikum lokalt og frå dansemiljøet generelt.

Lokale arrangørar og dåverande LfS har funne det vanskeleg å vekke sentrale media si interesse for arrangementet.

Arrangementsteknisk og logistikk

LF krev 2 tevlingsarenaer. Det har vist seg utfordrande å finne gode arenaer som er tilrettelagde for dans og akustisk musikk, og samstundes har stor nok publikumskapasitet. På LF sine tevlingsarenaer er det behov for lydforsterking, og dei mange ulike instrumentsamansetjingane i kombinasjon med minimal tid til lydprøver gjer dette til eit relativt komplisert arrangement i høve til det lydtekniske.

LF krev stor kapasitet på camping, og relativt liten kapasitet på hotellsenger. Erfaringa viser at deltakarar og publikum i stor grad ønskjer camping-standard på overnatting.

Tidspunkt

LF blir avvikla i midten av juli. For nokre er dette tidspunktet problematisk då dei er opptekne med andre aktivitetar i fellesferien. Erfaringa har vist at det mellom anna har vore vanskeleg å skaffe dommarar grunna fellesferien.

3 SAMANSLÅING AV LANDSKAPPLEIKEN OG LANDSFESTIVALEN TIL EITT ARRANGEMENT

Utvalet ser hovudpoenget ved ei eventuell samanslåing av LK og LF til eitt arrangement som å ta med seg det beste frå dei to arrangementa inn i eit nytt felles arrangement. Samstundes meiner utvalet at dersom ein skal slå saman LK og LF til eitt stort arrangement utan å gjere endringar, vil truleg ulempene bli langt større enn fordelane. I høve til innhaldet ville ein få enno større tal deltakarar og disiplinær, noko som ville føre til enno fleire parallelle tevlingar, krav om fleire tevlingsarenaer, og eit

arrangement som går over svært mange dagar. I tillegg vil det by på ei rekkje utfordringar i høve til det arrangementstekniske og logistikk.

Utvalet meiner difor det er naudsynt med reduksjon i omfanget på eit felles arrangement. Det er fleire innfallsvinklar til ulike grep ein kan gjere:

- Ein kan legge til rette for at tevlingane, og særleg finalar, i større grad fungere som konsertar, og såleis spare tid ved å ta andre konsertar av programmet. Samstundes er ikkje færre konsertar noko stort inngrep i programmet. Erfaringa viser også at konsertane på LK og LF trekkjer mykje publikum, særleg lokalt publikum, og dei er såleis ei viktig inntektskjelde for dei lokale arrangørane. Vidare er lokale konsertproduksjonar eit flott høve for dei lokale arrangørane til å marknadsføre og vise fram sine folkemusikktradisjonar.
- Ein kan slå saman klassar for å redusere talet disiplinær. Dette vil i prinsippet likevel ikkje redusere talet deltakarar, og resultatet kan bli svært store klassar. Likevel vil det forenkle programmet og gjennomføringa.
- Ein kan redusere talet klassar og/eller innføre kvalifisering for å redusere tal deltakarar. Spørsmålet om kvalifisering reiser ein del prinsipielle problemstillingar, og eit slikt grep vil endre arrangementa sitt føremål, karakter, profil og innhald.

Ei kvalifisering vil stille store krav til gjennomføringa, og den kan reint teknisk gjennomførast på fleire måtar:

- eit eige arrangement for alle som ønskjer å kvalifisere seg
- kvalifisering i starten av NM
- bruke eksisterande tevlingsarenaer lokalt og regionalt som kvalifiseringsarena.

Problemstillingar knytt til prinsippet om kvalifisering er mellom anna:

- Kva skal vere utvalskriteria?
- Kvar og når på året skal kvalifiseringa skje?
- I kva for klassar skal ein innføre kvalifisering?

4 UTVALET SITT FRAMLEGG EITT ARRANGEMENT - NM I FOLKEMUSIKK

Utvalet har valt å sjå heile kappleikssystemet under eitt i sitt arbeid med å utarbeide ein modell for eit felles arrangement, og utvalet har valt å kalle eit slikt felles arrangement for NM i Folkemusikk. Utvalet legg til grunn at kappleiken som institusjon i prinsippet skal vere open for alle som ønskjer å delta, men at ein samstundes kan avgrense fri deltaking til å gjelde berre delar av kappleikane i systemet, og berre delar av disiplinane. På denne måten kan ein velje å avgrense moglegheit for deltaking på NM i Folkemusikk ved å innføre kvalifisering og reduksjon i tal klassar og disiplinær, medan alle andre kappleikar har fri deltaking og fleire klassar.

Til grunn for utvalet sitt framlegg til ein modell for NM i Folkemusikk ligg at arrangementet skal ha fokus på kvalitet framfor kvantitet, samstundes som arrangementet tek vare på både topp, breidd og mangfald. Utvalet ønskjer å innføre kvalifisering for deltaking i soloklassar for spel, song og laus, pardansklassar, gruppeklassar og open klasse, og på denne måten

kvalitetssikre nivået på deltakarane i desse klassane. Samstundes ønskjer utvalet å ha fri deltaking i lagklassar, og såleis sikre breidda og mangfaldet.

Innhald

Utvalet ønskjer at eit NM i folkemusikk skal likestille tradisjonelt repertoar, dvs. bygdedans og runddans (både dans og musikk), og at det er den tradisjonelle stilen, det vil seie framføringspraksisen, som skal vere det sentrale. Det vil seie at deltakarane i prinsippet kan velje fritt frå repertoar som det er og har vore tradisjon for i Noreg, men at det er stilen dette framførast i som er grunnlaget for dømming. Sjå meir om dette i vedlagt tevlingsreglement.

Målgruppe

Utvalet ønskjer at soloklassar for spel, song og laus, samt pardansklassar på NM i Folkemusikk skal vere dei noverande A-klassane. Dette vil føre til bortfall av klasse B og D på NM i Folkemusikk. Ein slik reduksjon i tal klassar vil også føre til redusert tal deltakar, noko som i neste omgang gjev arrangementet mindre omfang i høve til tid. Kvalifisering til soloklassane vil også gje eit reelt NM, og med dette eit sterkare fokus på solodisiplinane og eit jamt over høgre nivå på deltakarane.

Alle noverande A-klassar er automatisk kvalifisert til å delta på NM i Folkemusikk, men framtidig kvalifisering til A-klassar (og deltaking på NM) flyttast til ei lægre nivå i kappleikssystemet, det vil seie regionale tevlingsarenaer. Utvalet meiner dei regionale tevlingsarenaene vil få styrkja sin status og aktualitet gjennom å bli kvalifiseringsarena til NM.

Utvalet ønskjer å ha eit eige junior-NM for deltakarar under 18 år som ein del av NM i Folkemusikk. Utvalet ønskjer ein klar ungdomsprofil for junior-NM, der program for tevlingar, konsertar, dans, m.m. er tilrettelagt for denne målgruppa.

Juniorar kan delta på det ordinære NM i Folkemusikk dersom dei ønskjer det, men då på same vilkår som seniorar.

Utvalet meiner ei generell heving av nivået på deltakarane i større grad kan gjere arrangementet attraktivt for publikum utanfor "folkemusikkmiljøet".

Arrangementsteknisk

Utvalet ønskjer ei profesjonalisering av det arrangementstekniske apparatet rundt eit NM i folkemusikk. Dette omfattar t.d. innhenting av fagkompetanse for utforming av grafisk profil for arrangementet, marknadsføringsmateriell, scenedekorasjonar, o.l., produsenttenester for avvikling av tevlingar og konsertar, betre utnytting av lys- og lydteknisk, pressearbeid, osb.

Utvalet meiner ei profesjonalisering av det arrangementstekniske vil gjere eit NM i folkemusikk til ein betre formidlings- og opplevingsarena for både publikum og deltakarar.

Tidspunkt

Utvalet har drøfta kva som kan vere det mest gunstige tidspunktet for eit NM i Folkemusikk, og meiner tida rundt St.Hans er det mest aktuelle tidspunktet. Med omsyn til arrangementsstad er dette eit gunstig tidspunkt for t.d. typiske vintersportstader der det er liten aktivitet i juni, medan aktiviteten aukar i ferie- og turismånaden juli. Utvalet trur lokalt næringsliv vil ønskje arrangement velkomne i juni, og på den måten kan det bli lettare å forhandle fram gode samarbeidsavtalar og prisar på t.d. overnatting.

Utvalet meiner juni er det beste tidspunktet med omsyn til evt. kollisjonar med andre festivalar, og at dette tidspunktet såleis aukar moglegheitene for at profilerte og etterspurde utøvarar deltek på arrangementet.

Samstundes meiner utvalet at juli er kan vere godt tidspunkt for deltakarar og publikum som ønskjer å bruke ferien sin på NM i Folkemusikk. Likevel har erfaringa vist at det har vore vanskeleg å skaffe dommarar til arrangement i juli grunna ferie, då fleire prioriterar å bruke ferien sin til andre aktivitetar.

Utvalet konkluderer difor med at slutten av juni er det beste tidspunktet for avvikling av NM i folkemusikk.

5 OPPSUMMERING

Utvalet konkluderer med følgjande grunnprinsipp for eit NM i folkemusikk:

- Kvalitet framfor kvantitet – kvalifisering for å delta i klassar for solo spel, dans og song, pardans, gruppe og open klasse.
- Breidd og mangfald – sikra gjennom fri deltaking i lagklassar
- Arrangementsteknisk profesjonalitet – programmering, regi, lyd/lys, dømming
- Repertoar – likestilling av tradisjonelt repertoar, auka fokus på tradisjonell stil
- Tidspunkt – slutten av juni
- Eigen dag avsett til jr. NM.

Jølster, 09.02.2011

Øyvind Kvile (s)

Erlend Viken (s)

Synnøve S. Bjørset (s)

	LANDSKAPPLEIKEN	LANDSFESTIVALEN	NM 09	Nytt NM i Folkemusikk
Styrkjer	<ul style="list-style-type: none"> • Velfungerande arr. • Klar musikkprofil • Ope for alle • Viktig rekrutteringsarena • Stort mangfald i både tradisjon, repertoar, stil og disiplin • Ein viktig arena for det tradisjonelle uttrykket og det eldre tradisjonelle repertoaret • Lydteknisk ukomplisert arrangement 	<ul style="list-style-type: none"> • Velfungerande arr. • Klar musikkprofil • Ope for alle • Viktig rekrutteringsarena • Ingen parallellkøyringar, og godt med pausar! • Krev berre 2 tevlingsarenaer • Krev liten kapasitet på hotellsenger 	<ul style="list-style-type: none"> • Stort mangfald • Lettare å selje inn arr. til media pga. tittel • Økonomisk suksess • Ope for alle • Ein arena for alle "sjangrar" innan folkemusikken • Finalar i mange klassar 	<ul style="list-style-type: none"> • Høgre kunstnarleg kvalitet • Stort mangfald • Ope for alle, men avgrensing gjennom kvalifisering i enkelte disiplinlar • Oversiktleg arrangement grunna få klassar og få parallellkøyringar • Klar arrangements- og innhaldsprofil • Krev berre 2 tevlingsarenaer • Finalar i alle solist-/pardansklasar
Ulemper	<ul style="list-style-type: none"> • Vanskeleg å skaffe lokal arrangør • Internt preg fører til lite interesse frå sentrale media • Store og mange klassar med variabelt nivå • Tett og stramt program med mange parallellkøyringar • Vanskeleg å finne gode arenaer tilrettelagt for dans, akustisk musikk i høve til publikum (type, storleik, osv.) • Krev 3 tevlingsarenaer • Krev stor kapasitet på hotellsenger 	<ul style="list-style-type: none"> • Vanskeleg å skaffe lokal arrangør • Internt preg fører til lite interesse frå sentrale media • Store klassar og variabel kvalitet på utøvarane • Lite mangfald i tradisjon, stil og disiplin (ikkje tevling i dans og vokal, mykje einsretta musikk) • Vanskeleg å finne gode arenaer tilrettelagt dans og akustisk musikk (type, storleik, osv) • Vanskelege lydtekniske forhold i høve til ulike instrumentsamansetjingar, lite tid til lydprøver, osv. • Vanskeleg å skaffe dommarar pga. av tidspunkt (fellesferie) 	<ul style="list-style-type: none"> • For mange arenaer • For mange parallellkøyringar • For store klassar/mange deltakarar • For mange klassar • For mange tevlingsdagar 	<ul style="list-style-type: none"> • Stort behov for dugnadsfolk/frivillige • Kan verke ekskluderande for utøvarar som ikkje har kvalifisert seg • Kjøp av fleire tenester

TEVLINGSREGLEMENT FOR REGIONAL KVALIFISERINGSARENA OG NM I FOLKEMUSIKK

DELTAING OG KVALIFISERING

- Alle deltakarar på regional kvalifiseringsarena og NM i Folkemusikk skal vere medlem i FolkOrg
- Deltaking på regional kvalifiseringsarena er ope for alle
- Deltakarar på NM i Folkemusikk i pardans og solo spel, song og laus må vere kvalifisert til deltaking i klasse A.
- Deltakarar på NM i Folkemusikk i open klasse og gruppespel må vere kvalifisert etter vurdering av fagjury nedsett av FolkOrg.
- Deltaking på NM i Folkemusikk i lagklassar er ope for alle.
- Deltakarar i spel har ikkje høve til å stille meir enn ein gong i same klasse med same instrument. Dette gjeld ikkje for lag som har status som studentlag, der utøvarane kan stille i både studentlag og ordinært lag.
- Kvalifisering til klasse A og deltaking på NM i Folkemusikk skal skje på regional tevlingsarena.
- Kvalifisering til klasse A krev to (2) gongar oppnådd 1. premiegrad i to (2) ulike kalenderår på regional tevlingsarena.
- Kvalifisering til junior (C) på NM i Folkemusikk krev ein (1) gong oppnådd 1. premiegrad i klasse C på regional kvalifiseringsarena. Det skal stillast lågare krav til 1. premiegrad i klasse C enn i klasse B og A.

TEVLINGSNUMMER OG INSTRUMENT

Tevlingsnummer på regional kvalifiseringsarena og NM i Folkemusikk skal vere repertoar frå norske folkemusikk- og dansetradisjonar. Repertoaret skal framførast i tradisjonell stil.

- For deltakarar i spel gjeld bygdedansslåttar, lydarslåttar og runddansslåtar. Deltakarane skal framføre to slåttar der dei legg vekt på rikdomen i slåttetilfanget, og bør dessutan spele slåttar i ulik taktart eller med ulik karakter.
- For deltakarar i song gjeld slåttestev/-trall, stev, balladar, religiøse folketonar, m.m. Deltakarane skal framføre ein eller fleire melodiar med samla varigheit på to (2) til seks (6) minutt der dei legg vekt på å syne rikdomen i meloditilfanget, og bør framføre songar med ulik karakter.
- For deltakarar i dans gjeld bygdedans og runddans. Deltakarane skal framføre ein dans.

I klassar for lag er det fri instrumentbruk, men tradisjonelle norske folkemusikkinstrument skal vere dei berande melodiinstrumenta. Alle instrument skal vere akustiske.

I open klasse er det fri instrumentbruk. Instrumenta treng ikkje å vere akustiske.

KLASSEINNDELING OG TEVLINGSGREINER

Tevlingsgrein	NM i Folkemusikk	Regional tevlingsarena
Solo hardingfele	junior (C) og senior (A)	A-B-C-D
Solo fele	junior (C) og senior (A)	A-B-C-D
Solo song	junior (C) og senior (A)	A-B-C-D
Solo andre instrument	junior (C) og senior (A)	A-B-C-D
Solo durspel/trekkspele	junior (C) og senior (A)	A-B-C-D
Laus	junior (C) og senior (A)	A-B-C-D
Pardans hardingfele	junior (C) og senior (A)	A-B-C-D
Pardans fele	junior (C) og senior (A)	A-B-C-D
Gruppespel	junior og senior	junior og senior
Open klasse	junior og senior	junior og senior
Lagspel	junior og senior	junior og senior
Lagdans	junior og senior	junior og senior

Eit lag er definert som minimum fem (5) utøvarar og utan noko øvre grense.

Ei gruppe er definert som minimum to (2) utøvarar og maksimum fem (5) utøvarar.
I open klasse er det ikkje noko avgrensing i tal utøvarar.

Regional kvalifiseringsarena - klasseinndeling:

KLASSE A: For dei som har oppnådd 1. premiegrad to (2) gongar i to (2) ulike kalenderår på godkjend kvalifiseringsarena.

KLASSE C: For deltakarar frå og med det kalenderåret dei fyller 12 til og med det kalenderåret dei fyller 18.

KLASSE D: For deltakarar frå og med det kalenderåret dei fyller 60.

KLASSE B: For alle andre deltakarar.

Senior: For deltakarar over 18 år

Junior: For deltakarar frå og med det kalenderåret dei fyller 12 til og med det kalenderåret dei fyller 18.

A-klassingar som ikkje har stilt opp på kappleik dei fem (5) siste åra kan velje om dei vil delta i klasse A eller klasse B. Deltakarar over 60 år kan velje om dei vil stille i klasse D eller i den klassen dei tidlegare har delteke i. Deltakarar under 18 år kan velje om dei vil stille i klasse B for å bli vurdert for opprykk til klasse A. Deltakarar som frå og med det kalenderåret dei fyller 12 til og med det kalenderåret dei fyller 18. kan velje å stille i klasse B for å bli vurdert til opprykk til klasse A og kvalifisering til senior (A) på NM i Folkemusikk. Juniorar kan ikkje stille i både klasse C og/eller klasse B eller A.

NM i Folkemusikk - klasseinndeling:

Senior (A): For deltakarar som har oppnådd 1. premiegrad to (2) gongar i to (2) ulike kalenderår på godkjend kvalifiseringsarena.

Senior (gruppespel, open klasse, lagspel, lagdans): Ope for alle

Junior (C): For deltakarar frå og med det kalenderåret dei fyller 12 til og med det kalenderåret dei fyller 18 som har oppnådd 1. premiegrad på godkjend kvalifiseringsarena.

Junior (gruppespel, open klasse, lagspel, lagdans): For deltakarar frå og med det kalenderåret dei fyller 12 til og med det kalenderåret dei fyller 18.

For både regional kvalifiseringsarena og NM i Folkemusikk gjeld:

- Juniorar kan stille i klasse senior om dei ønskjer det, men dei kan ikkje stille i begge klassar med unntak av klassar for lag
- I juniorklassar for lag kan deltakarane vere yngre enn 12 år.
- Det er ikkje høve til å delta i same klasse meir enn ein gong med same instrument, med unntak av ein gongs deltaking i definerte studentspelemannslag. Vidare kan det gjevast løyve for musikalsk leiar til å spele i fleire enn eitt lag.

DØMMING

Kvar tevlingsgrein, til saman 12, skal dømmast av tre fagdommarar.

Dommarkollegiet skal setjast saman av FolkOrg, og det skal stillast høge og strenge krav til fagdommarane sin kompetanse i høve til kompetansefelt som utøving, formidling og tradisjonskunnskap.

FolkOrg skal utarbeide dommarskjema for bruk i dei ulike tevlingsgreinene.

Dommarane kan ikkje dømme deltakarar dei er i nær slekt med, det vil seie foreldre, besteforeldre, barn, søsken, ektefelle og sambuar, og blir i slik situasjon rekna som inhabil. Inhabile dommarar trør ut av dommarkollegiet under dømming av aktuelle deltakarar. Den samla poengsummen frå dei to andre dommarane som sit att blir delt på to (2) og multiplisert med tre (3).

Dommarar kan ikkje reknast som inhabile i samband med dømming i lag eller grupper, og kan heller ikkje sjølv seie seg inhabil av grunnar som t.d. venskap, lagstilknytning og liknande.

Dommarar kan ikkje sjølv delta i den tevlingsgreina han dømmar.

FINALAR

På NM i Folkemusikk skal det kårast tre finalistar og avviklast finale i følgjande klassar:

Spel hardingfele

Spel fele

Vokal

Durspel/trekkspele

Andre Folkemusikkinstrument

Laus

Dans hardingfele

Dans fele

Lokal arrangør av NM i Folkemusikk kan i samarbeid med FolkOrg vedta å avvikle finalar i fleire klassar.

Lokal arrangør av regional kvalifiseringsarena kan velje å avvikle finalar, men det er ikkje eit krav.

Type tevlingsnummer i finalar skal vere det same som i den ordinære tevlinga.

Finalistar i spel og song må velje andre tevlingsnummer enn i den ordinære tevlinga, medan finalistar i dans må velje den same dansen som i den ordinære tevlinga.

Finalistane tek ikkje med seg poengsummen frå kvalifiseringa vidare til finalen.

Resultat etter finalen blir offentleggjort med plassiffer og utan poengsummar.

RESULTAT OG PREMIERING

- Resultatlistar skal ha plassiffer, poengsummar og premiegrad for alle deltakarane, med unntak av finalistar som berre skal ha plassiffer.
- I open klasse skal dei tre (3) høgst rangerte ha plassiffer, medan dei resterande skal setjast opp urangert i alfabetisk rekkjefølgje.
- Minimum 1/3 av deltakarane i kvar klasse skal ha premie.
- I klassar for pardans skal begge dansarane ha premie.
- Alle juniorar skal ha deltakarpremie.
- Alle finalistar skal ha pengepremie. Pengepremie kjem i staden for annan premie. Storleik på pengepremie skal vedtakast i samarbeid mellom FolkOrg og lokal arrangør.